



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	22/149

Saksnr	Utval	Type	Dato
023/22	Kommunestyret	PS	07.04.2022

Eventuelt

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Kommunestyret - 023/22

K - behandling:

Spørsmål frå Kamilla B K Karlsen (Ap)

Det nærmar seg vår og som vi har hatt opp før har det vore dumpa ein del masse av jord og liknande ved hovudvegen i nærleiken av drikkevatnet. Det har komen meg for øyret at det er heilt ulovleg å dumpe avfall i nærleiken av drikkevatn.

Har kommunen tatt sitt ansvar som forureinsingsmyndigheit på alvor her?
Kva for tankar har kommunen rundt tilsig i vatnet?

Ordførar svarte:

Det er avfallsstoff etter produksjon av øl som er lagt på ei flate som har hell inn mot vatnet. No er dette dekket til med jord.

Det er gjort forsøk med å nytta stoffet mellom anna til for. Avfallsstoffet er etter korn og blir kalla Mask. Det låg først ope, men er no dekket av jord. Avfallsstoffet er prøvd avhenda til ulike føremål. Dette er under utprøving. Dei er på jakt etter å finne meir endelege løysingar enn det som hittil er gjort.

Vi kan leggje til at Hansa Bryggeri leverer avfallsstoff etter si ølbrygging mellom anna til bønder. Vatnet kommunen hentar drikkevatn frå har inntaket langt borte frå der massane er lagt. Inntaket ligg på ca 10 m. djupne. Til vatnet er det avsig frå fugl, hjort og kloakk frå hus. Det som det her er snakk om er avfallsstoff etter naturprodukt.

Etter lov og forskrifter skal det takast minst 4 vassprøvar i året. Fedje tek 12 vassprøvar pr. år. Alle vassprøvene har vore fine

Spørsmål frå Silje S Gullaksen (H)

I budsjettmøtet i desember vedtok me å ferdigstille rundløype med gapahuk og trimapparat. Kva har blitt gjort så langt og kor tid kan me forventa oppstart og ferdigstilling av prosjektet.



Fedje kommune

Ordfører svarte:

Det er sendt søknad om tippemiddla, det er forventa svar på søknaden i juni 2022. Om ein ikkje får innvilga tippemiddlar, må ein på nytt sjå på saka og finna ut kva som må til for at me kan få tippemiddlar til dette prosjektet.

I det samme budsjettmøtet bevilga me pengar til oppgradering av bowlinganlegget. Kor tid ser ein før seg at denne igjen kan nyttast?

Ordfører svarte:

Det er Bowlingeksperten som har levert anlegget i hallen, det er sjølvstekt ein del ting som ein bør oppgradera og eller utførast vedlikehald på, anlegget er 15 år. Hovudproblemet er at data anlegget ikkje er i orden, det har vore gjort ein del fjernstyrings hjelp frå Bowlingeksperten for å prøva finna ut om det er håp for dette anlegget. Firmaet Bowlingeksperten vurderer fleire måtar.

Å reparere? Finne eit gamalt anlegg og byte ut? Montere heilt nytt anlegg?

Kan dei reparera det no så vert det ei nødløysing, som er kortsiktig og dei kan ikkje garantera kor lenge det eventuelt vil vara. Dei har sjekka om dei kan finne eit brukt anlegg. Så langt har dei ikkje funne eit brukt som kan nyttast, men framleis kan dei koma over eit.

Skal det monterast heilt nytt anlegg, viser det førebelse tilbodet ein heilt anna pris enn det som er sett av i budsjettet. Dei kjem med eit førebelsstilbod på 567 050 kr. Eks. Mva.

Det kjem ein medarbeidar frå Bowlingeksperten etter påske for å sjå om det i det heile er eit alternativ å reparera eksisterande dataanlegg. Dei vil samstundes sjå på kva anna vedlikehald som bør gjerast med anlegget. Reisekostnad og honorar til han som skal sjekke anlegget er stipulert til ein stad mellom 40 og 50 000 kr. Det kjem eit endeleg prisoverslag før påske på tur/arbeid og reise.

Spørsmål frå Kristin Aase (Ap)

Kan kommunestyret som tilsetjande organ få sjå søkjarlista?

Kva vurderingar har vore gjort i tilsetjingsprosessen?

I tidlegare tilsetjingar av rådmann/kommunedirektør har tilsetjingssaka vore lukka fram til kommunestyret har gjort sitt vedtak. Kvifor vart det ikkje gjort slik denne gongen?

Me kan ikkje sjå arbeidsavtalen som vedlegg i sakspapira. Kan me få lese den?

Ordfører svarte:

Kommunestyret kan få sjå den offentlege søkjarlista.

Det har vore gjort mange vurderingar i saka.

Saka har vore open, grunna at søkjaren var på offentlig søkjarliste.

Arbeidsavtalen er ikkje klar, det er ein standar KS avtale, når den er klar vil den verta kjent for kommunestyret.



Fedje kommune

K - vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak under eventuelt.